



SULA KOMMUNE

Kommuneplan – arealdel 2015-2025

Planomtale

Innhald

Innleiing	4
Føringar for arealplanen	4
Nasjonale og regionale føringar	4
Universell utforming	5
Barn og unge	5
Areal- og transportplanlegging	5
Samfunnstryggleik	5
Naturmangfaldslova	6
Lokale føringar	6
Utfordringar frå planprogrammet	7
Andre forhold	8
Folketalutvikling	8
Bustadbehov	12
Skulekapasitet	13
Prosess	14
Verknader av planforslaget	15
Nasjonale og regionale føringar	15
Klima- og energiplanlegging	15
Areal- og transportplanlegging	15
Barn og unge	15
Universell utforming	16
Strandsona	16
Samfunnstryggleik	16

Naturmangfaldslova	16
Utfordringar frå planprogrammet	17
Bustadbygging	17
Næringsliv	17
Sjøområda	17
Strandsona	17
Rekreasjons og friluftsområder	18
Samfunnstryggleik	18
Barn og unge	18
Landbruksområde	18
Planskildring - arealrekneskap	19
Arealformål	19
Bygningar og anlegg	19
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	26
Grøntstruktur	26
Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift (LNFR)	27
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona	28
Omsynssoner	29
Temakart	29

Innleiing

Gjeldande arealplan er i frå 2006. Sula kommune har hatt ein sterkt vekst i folketalet dei seinare åra og behov for rullering av planen har auka tilsvarande. Samfunnsdelen til kommuneplanen vart revidert og godkjent i 2011. I denne planen står det spesifikt at arealplanen skal rullerast.

Kommunal planstrategi er eit nytt verktøy som kom inn i ny plan- og bygningslov (2008). Formålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for legge til rette for ei ønska utvikling. I den prosessen vart det gjort vedtak om at arealplanen skulle starte opp parallelt og planoppstart vart kunngjort 29.06.2012.

Målet for rulleringa er å legge til rette for at Sula kan vekse og utvikle seg vidare i framtida. Her skal vere god bu i og ein god stad å drive næring i.

Planområde og framstilling av plankart og føresegner

Arealdelen omfattar heile kommunen medrekna sjøområda. Ny plan- og bygningslov (2008) samt ny kartforskrift for framstilling av digitale kart er lagt til grunn ved utarbeiding av plankart og føresegner.

Føringar for arealplanen

Nasjonale og regionale føringar

Kommuneplanen skal utformast i tråd med nasjonale og regionale føringar.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging (vedteken 25.juni 2011).

Forventingane peikar på følgjande tema som skal takast særleg omsyn til i planlegginga:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Forventingane formidlar ikkje alle statlege interesser, oppgåver og omsyn som planlegginga skal ta vare på.

Universell utforming

Både Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og PBL omhandlar universell utforming.

I handlingsplanen «Norge universelt utformet 2025 Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013» står i innleinga at «Regjeringen ønsker å komme bort fra en tankegang der individet blir definert som problemet, og der spesielle tiltak for personer med nedsatt funksjonsevne blir hovedløsningen. Universell utforming av det fysiske miljø innebærer en likeverdig form for tilgjengelighet slik at hovedløsningen kan brukes av flest mulig. Dette gjelder ikke bare personer med nedsatt funksjonsevne, men også for eksempel familier med barn i barnevogn og eldre.»

Universell utforming handlar om likeverd og like mulegheiter for alle til deltaking i samfunnsliv, og er ein strategi for planlegging av produkt og omgjevnader for å oppnå eit inkluderande samfunn.. Kommunane har eit ansvar for å følgje opp arbeidet mellom anna ved å stille krav om god tilgjengelegheit i lokal planlegging.

Barn og unge

Temarettleiaren T-1513 Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningslova tek for seg internasjonale og nasjonale føringar for å ivareta barn og unge sine interesser. Barn og unge skal sikrast eit trygg oppvekstmiljø. Areal og anlegg som nyttast av barn og unge skal vere sikra mot støy, forureining, trafikkfare og anna helsefare.

Nærmiljøet er viktig og det må finnast areal som barn kan utfalde seg i og skape eitt eige leikemiljø. For å kunne oppnå dette må areala vere store nok og egna og som gjev høve til ulike typar leik til ulike årstider. Ein anna moment er slike områder også kan nyttast av ulike aldersgrupper og kunne fungere som møteplass mellom barn, unge og vaksne.

Areal- og transportplanlegging

Samordna areal- og transportplanlegging (rundskriv T-5/93) er sentralt og fokuserer på arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremjar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Eit godt utbygt gang- sykkelvegnett m.a. mellom bustadområda og offentleg infrastruktur som skular, idretts- og kulturanlegg vil kunne vere med å redusere behovet for biltrafikk og betre trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.

Samfunnstryggleik

Tryggleiks- og beredskapsomsyn skal inn som ein viktig del av samfunnsplanlegginga. Plan- og bygningslova (2008, § 4-2) stiller krav om at planmynda skal sjå til at det vert gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse ved utlegging av nye byggjeareal.

Naturmangfaldslova

I 2009 kom Lov om forvaltning av naturens mangfold som gir reglar om berekraftig bruk og vern av naturen. Alle vedtak skal bygge på best mogleg kunnskap om naturgrunnlaget og effekten av planlagde tiltak. Føre-var prinsippet er sentralt i forvaltninga av loven.

Oppsummering av sentrale dokument:

Plan og bygningslova av 27. juni 2008.

Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging, rundskriv T 1321

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (T2/08)

Lov om forvaltning av naturens mangfold

Lov om folkehelsearbeid

Miljøverndepartementet si rettleiing for arealdel til kommuneplanen, T -1491

Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga, T 1442

Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven)

Kulturminnevern og planlegging etter plan og bygningslova, T-4/92

Fylkesplan for Møre og Romsdal

Fylkesdelplan for senterstruktur

Fylkesdelplan for transport

Fylkesdelplan for strand og kystzone

Gang- og sykkelvegstrategi for M&R

Strategi for jordvern, Møre og Romsdal fylke

Lokale føringar

Gjeldande kommuneplanen sin samfunnsdel (2010 – 2020) konkretiserer kommunen sine mål og strategiar for den framtidige utviklinga av kommunen som samfunn og som organisasjon. Planen peikar mellom anna på Sula si sentrale plassering geografisk i høve samferdsel. Likeeins at Sula ligg sentralt i ein større felles bu- og arbeidsmarknad. Dette har resultert i at folketalet har auka mykje dei seinare åra. Det er behov for nye trafikkkløysingar og det er viktig å sikre natur- og bumiljø ikkje blir skadelidande. Det er også ei utfordring å tilrettelegge for næringsutvikling. Eksisterande næringsliv vil ha behov for utvidingsareal. Miljø- og klimaplan for Sula kommune 2009 – 2013 skal også ligge i botn i arealplanvurderingane.

Andre tema som samfunnsdelen har omtalt er:

- Behov for oppdatert beredskapsplan med ein ROS analyse. Fjellskred lokalt og lengre inn i Storfjorden må ein ta omsyn til i planlegginga. Klimaendringar med heving av havnivå, “ villare og våtare” klima m.m.
- Tap av andre naturressursar grunna bl.a. utbyggingspress. Grøne områder er viktig både for biologisk mangfald og for barns leik og utfolding.
- Tap av kulturminne, historie- og miljø
- Universell utforming
- Behovet for formålstenleg plan for kommunesenteret i Langevåg.

Utfordringar frå planprogrammet

I planprogrammet er det fokusert på fleire ulike områder:

Bustadbygging

Det er behov for utviding av utbyggingsareal. Fortetting har vore mål i tidlegare arealplaner. Viktig at kommunen har tilgjengeleg og attraktive areal som raskt kan realiserast. Samtidig må det ikkje bli sett av for mykje nytt areal som resultere i inga fortetting. Dette kan vere ein vanskeleg balansegang.

Næringsliv

Kommuneplanen skal bidra til å sikre næringslivet moglegheiter for vidare vekst og utvikling.

Sjøområda

I gjeldande plan er ikkje sjøarealet med og det har i får fleire hald peika på at dette bør inn i ny plan.

Strandsona

Busetnaden på Sula er konsentrert på eit relativt lite areal på nordsida av øya og forvaltning av strandsona er viktig. Det skal vere rom for næring, rorbuer, naust m.m. samstundes som ein sikrar områda som er av stor verdi for ålmenta til rekreasjon og friluftsliv.

Rekreasjons- og friluftsområder

Tilgang til nærtuområde er viktig – særleg for barn, når større områder blir bygd ut til bustadområder. Nærtuområda er viktig for fysisk aktivitet, leik og naturopplevingar. Lett tilgjengeleg rekreasjonsområder er viktig aspekt sett ut i frå folkehelsesynspunkt. Nærtuområda er viktige for alle aldrar og at ein også har tilkomst som i størst mogleg grad er universelt utforma.

Landbruk

Det generelle jordvernet fokuserer på kor viktig det er å ta vare på matjordressursane både i eit lokalt, nasjonalt og globalt perspektiv. Ut i frå kommunen si geografiske plassering m.m. så vil det kunne forsvarast ein tek i bruk noko av dyrka mark til utbygging. Likevel vil det vere viktig å sikre tilstrekkeleg med produksjonsareal for dei bruka som er i drift.

Samfunnstryggleik

Kommunal planlegging har mål om å bygge trygge og robuste lokalsamfunn. Når kommunen planlegg for framtida, må derfor kjennskap til ulike risikofaktorar vere eit viktig grunnlag for planarbeidet. Ei kartlegging, som gir eit grovt oversiktsbilde over ulike risikofaktorar, må leggest til grunn ved arealplanlegging.

Barn og unge

Samstundes som område blir fortetta og utbygd er viktig at det er tilstrekkeleg med uteareal for bl.a. barn. Dette omfattar ikkje berre leikeplassar men å ha både større naturområde i nærleiken og ha andre areal for ulike typar aktivitetar til ulike årstider. Kommunen har ikkje noko leikeplassnorm.


Andre forhold

Det ligg elles føre mange ulike tema basert på registreringar, kartlegging av fysiske tilhøve etc som er tilgjengeleg gjennom sentrale kartbasar og register, t.d. rasfarlege område, fornminne, statleg sikra område m.m. Dette er data som kan ha innverknad på planlagt arealbruk.

Folketalutvikling

Møre og Romsdal har hatt ein god auke i folketalet. Ser ein på den relativ folketalsveksten for 2001 – 2011 er Sula på tredje plass i fylket, dvs vi har ein sterk vekstrate. Sula si sentrale geografiske plassering har ført til at vi er ein vekstkommune. Folketilveksten medfører behov for bustadar, og dimensjonering av tenester knytt til ulike kommunale tilbod.

Folketalet har hatt ein positiv vekst sidan Sula vart eigen kommune i 1977. Pr. 01.01.2013 er folketalet registrert med 8 397. Folketilveksten skuldast auka netto tilflytting og eit positivt fødselsoverskot. Figuren nedanfor viser denne utviklinga gjennom dei siste 10 åra.




Figur 1 Fødselsoverskot og netto tilflytting (Kjelde: SSB)

Utviklinga vidare reknar SSB vil vere positiv. Framskriving av folketalet frå 2012 og fram til 2024 er vist med tre alternative scenario; Høg, låg eller middels nasjonal vekst.

Ifølgje SSB sine framskrivings-prognosar vil denne auken halde fram i planperioden. Framskriving av folkemengda etter det høgste vekstalternativet indikerer ein gjennomsnittleg årleg vekst i folketalet på ca 2,5%. Vekstalternativet etter det lågaste scenariet indikerer tilsvarande ein gjennomsnittleg årleg vekst på ca 1,1 %, medan mellomalternativet, som også fylket legg til grunn, reknar ein gjennomsnittleg årleg folketalsvekst på ca 1,6%. Prognosen baserer seg m.a. på middels nasjonal vekst og middels fruktbarheit, levealder, mobilitet og nettoinnvandring. Ved dette alternativet vil folketalet i Sula kunne få ei ein samla auke på vel 1550 personar i perioden.


I samsvar med gjeldande kommuneplan, vert mellomalternativet for SSB sine prognosar lagt til grunn ved planrulleringa.



Figur 2 Framskriving av folketal (2012-2024)

SSB sine dataprognoser viser også i forventa aldersfordeling i det nærmeste tiåret.

Folketal fordelt på aldersgrupper i Sula kommune 2012 og framskriving til 2022 etter SSB sitt mellomalternativ (MMMM)




Figur 3 Aldersfordeling 2012 og forventa 2022. Kjelde Møre og Romsdal fylkeskommune)

Generelt er det forventa vekst for nesten alle aldersgruppene.

Dette med framskriving av folketal er hefta med usikkerheit. Folektalet vert påverka av flytting, fødselstal og dødstal, tomte- og bustadtilbod, innvandring, sentralisering og arbeidstilbod. Ser vi tilbake på arealplanen frå 2006 opererte vi med ein vekstrate pr år på 2,2%. Ser vi tilbake på denne perioden så har vekstrate pr år vore på om lag 1,6 %, dvs noko lågare rate, som SSB nyttar som mellomalternativet.

Folkeauken gir konsekvensar for det kommunale tenestetilbodet slik barnehagar, skular og helse- og sosialtenester.



Figur 4 Inn - og utpendling Sula. Kjelde Møre og Romsdal fylkeskommune

Figuren ovanfor viser at det er stor utpendling til Ålesund og mange har sine arbeidsplassar der.

Tilrettelegging for fleire arbeidsplassar og for auka etablering av barnefamiliar vert ei viktig utfordring for kommunen i åra som kjem.

Bustadbehov

Berekening av bustadbehov er vanskeleg. Det er mange usikre faktorar som spelar inn.

Tabell 1 Byggesaker fordelt på skulekrets. Godkjente bueningar

	Langevåg	Fiskarstrand	Måseide	Solevåg	I alt
2003	36	8	2	17	63
2004	42	17	1	20	80
2005	24	5	20	12	61
2006	34	6	7	23	70
2007	3	14	8	12	37
2008	8	49	11	14	82
2009	66	6	13	9	94
2010	31	19	14	41	105
2011	20	25	8	8	61
2012	63	1	2	35	101
	327	150	86	191	754

Tabell 2 Bustader, busette etter bygningstype

Bustader	I alt	Einestader	Tomanns-, rekkehus, blokk	Felleshushald
1990	2251	1941	279	31
2001	2703	2048	576	79
2011	3129	2227	902	107
Busette				
1990	6678	5968	529	54
2001	7184	5776	1247	161
2011	8161	6121	1872	168

Busette pr bustad:	1990	2001	2011
	3,0	2,7	2,5

Tabellane viser at talet på bueiningar, som vist her i skulekrinsane, svingar en del. Spesielt når litt større felt blir utbygd på ein gong så kan det slå sterkt utpå statestikken. Krinsane Langevåg og Solevåg har hatt flest nye bygg dei seinare åra. Hovudtrekket er at det ei jamn auke i talet på nye bustader. Utviklinga er også at det blir færre busette pr bustad.

Ser vi på framskrivinga av folketal som SSB har laga kan vi rekne med i 2024 ei auke i folketalet på 1550 (middels vekst). Basert på talet busette pr bustad så blir behovet 62 pr år om vi skal legge prognosane til SSB til grunn. Ser på dei reelle tala siste tiåret (tabell 1) så er snittet 75.

Skulekapasitet

For barneskulane er det noko kapasitet til kunne ta i mot fleire elevar, men er det variasjonar der nokon har brukande kapasitet (Langevåg og Solevåg skulekrets) og andre har noko mindre kapasitet. For ungdomsskulen er har i utgangspunktet ikkje ledig kapasitet og det er behov for fleire spesial rom.

ELEV TALL

Skoleår: 2013-2014

Kommune: SULA
Kommunenr: 1531

Utskrift, dato:
11. sep. 2013

Skole	1.tr.	2.tr.	3.tr.	4.tr.	Sum 1.-4. årstrinn	5.tr.	6.tr.	7.tr.	Sum 5.-7. årstrinn	8.tr.	9.tr.	10.tr.	Sum 8.-10. årstrinn	Sum alle årstrinn
Fiskarstrand skule	21	22	25	18	86	21	22	22	65	0	0	0	0	151
Langevåg skule	57	58	56	63	234	58	47	50	155	0	0	0	0	389
Måseide skule	14	12	8	8	42	7	5	8	20	0	0	0	0	62
Solevåg skule	31	35	32	27	125	24	26	27	77	0	0	0	0	202
Sula ungdomsskule	0	0	0	0	0	0	0	0	0	126	117	112	355	355
Sum for kommunen	123	127	121	116	487	110	100	107	317	126	117	112	355	1,159

I tillegg kjem tilflytting/fråflytting som vil ha innverknad på det framtidige talet på elevar.

Det er behov for å sikre meir areal til skule.

Prosess

Gjeldande plan er i frå 2006. I 2012 vart forslag til planprogram utarbeida og sendt ut på høyring, samstundes vart det opna for å kome med innspel til arealplanen. Planprogrammet vart vedteke hausten 2012.

Etter oppstarten har det vore halde 4 folkemøter, alle hovudutval har hatt sak oppe om arealplanen med høve til innspel. Det har vore eigen møter med fylket og Sula Nærings og Industriforening.

I 2013 vart det gjennomført Barnetrakk registrering. Ikkje alle skulane fekk gjennomført dette men målsettinga er at alle skal få gjennomført dette. Desse opplysningane blir samla i eit eige temakart som skal ajourhaldast etter kvart som nye opplysningar kjem inn. Også barnehagane og FAU har kome med opplysningar som blitt lagt inn i temakartet Barnetrakk.

Forslag til ny arealplan vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 05.06.14 - 15.08.14.

Frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen, Kystverket og Statens vegvesen kom det motsegn på delar av arealbruken. Dei fleste av motsegnene har blitt løyst men 3 motsegnene gjekk til meking. Mekling har vore gjennomført

Verknader av planforslaget

Nasjonale og regionale føringar

Klima- og energiplanlegging

Gjennom kommuneplanen legg kommunen opp til at ny busetnad vil skje innafor tettbygd strok. Sula er ein kompakt kommune med korte avstandar. Sula er ein liten kommune i areal og busetnaden er konsentrert langs eit avgrensa areal frå Langevåg i vest og til Veibust/Sunde. Dei nye areala som er lagt inn ligg i rimeleg nærleik til skuler, barnehagar, kollektivnett m.m. Her er ikkje opna for utbygging langt frå sentrale funksjonar.

Klima- og energiplanen for Sula vart vedteken 15.10.2009

Areal- og transportplanlegging

Som vist til under klima- og energiplanlegging er Sula med si utstrekning og si konsentrerte busetnad ein kommune med svært korte reiseavstandar. Samstundes går E39 gjennom kommunen.

Gjennomføring av ferjefrie fjordkryssingar på E39 og andre stor vegprosjekt vil og påverke situasjonen, og tilseie at ein må sjå på transportsystemet til/frå Ålesund som regionsenter i eit større perspektiv.

For Sula kommune vil det transportsystemet som vert valt for Ålesund ha stor innverknad, då størstedelen av trafikken på Sula skuldast gjennomgangstrafikk frå to av dei største ferjesambanda i fylket. Denne trafikken skal til Ålesund eller vidare. Slik det er ligg an vil også E39 gå gjennom kommunen og vi har så langt som råd ikkje lagt inn nye byggeformål som kan kome i konflikt med framtidig arealbehov for vegnettet.

Arealbruk og transportsystem skal utviklast med gode løysingar for miljø, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Dette er viktige tema i utarbeiding av nye reguleringsplanar.

Det er også lagt inn vegløyser som kan redusere trafikken gjennom Langevåg sentrum og betre trafikkavviklinga for områda syd for sentrum.

Barn og unge

Kommunen har mangla leikeplassnorm. I føresegnene til kommuneplanen er det sett minstekrav til storleik, plassering og terrengutforming for leikeareal for leikeareal.

Kommune skal i alle omdisponeringssaker søkje å sikre viktige rekreasjonsområde og område som vert nytta av barn til leik. Ein føresetnad for eventuell omdisponering av areal som er viktige for barns leik er at det sikrast erstatningsareal i rimeleg nærleik med tilsvarande

storleik, kvalitet og bruksmoglegheiter. Barnetrakkregistrering vil vere eit viktig hjelpemiddel i å auke kunnskapen om kva områder som er viktige.

I føresegnene er også eit punkt om at barn og unge skal sikrast eit fysisk og sosial oppvekstmiljø som er i samsvar med tilgjengeleg kunnskap om barn og unge sine behov.

Universell utforming

Målsettinga om tilgjenge for alle vert lagt inn i føresegnene til planen. Det vert sett krav om at omsynet til universell utforming skal gjerast greie for i alle detaljplanar. Kravet gjeld også ved handsaming av andre saker etter plan- og bygningslova.

Strandsona

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen skal ligge til grunn for planarbeidet. Sula ligg i kategori 3.

Ordinære naust er uthus i utmark, med ferdsels- og opphaldsrett heilt inn til naustveggen, medan innreidde naust er fritidsbustader som får ei sone med innmark utan ferdselsrett rundt seg.

Samfunnstryggleik

Det er ei nasjonal målsetjing at tryggleiks- og beredskapsomsyn skal inn som ein viktig del av samfunnsplanlegginga.

Plan- og bygningslova (2008, § 4-2) stiller krav om at planmynda skal sjå til at det vert gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse ved utlegging av nye byggjeareal.

I føresegnene til kommuneplanen er det stilt krav om at samfunnstryggleik og beredskap skal ivaretakast i arealplanlegginga.

Vurdering av risiko og sårbarheit (ROS- analyser) skal inngå i reguleringsplanar og i byggjesakshandsaming. Utreiing skal vere avgrensa til relevante problemstillingar, og behov for avbøtande tiltak skal avklarast.

Naturmangfaldslova

Det i planen søkt å sikre viktige naturverdiar. Naturmangfald er eit eige tema i konsekvensutgreiinga. Datagrunnlaget er basert på ulike kjelder som biologisk mangfald registreringane for kommunen, artsdatabanken o.a.

Biologisk mangfald er eit eige punkt i føresegnene og takast i vare gjennom prinsippa i Naturmangfaldslova.

Utfordringar frå planprogrammet

I planprogrammet vart det peika på fleire tema ein skulle sjå ved rullering av arealplanen

Bustadbygging

Planforslaget har lagt inn nokre større felt. Det vil vere ein fordel å få regulert større område for å sikre best mogleg arealutnytting, plassering av vegar og liknande.

Forslaget legg til rette for nye bustadområde på fleire stader i kommunen, samstundes så er det framleis mykje uutnytta område som alt er regulert til bustad. Noko landbruksjord har bli tatt, men har tatt omsyn til dei få aktive gardsbruka som er igjen. Det er også forsøkt å ta vare på ei meir samanhengande jordbruksareala vi har igjen.

Næringsliv

Planforslaget beheld eksisterande industriområde og sjølv om det er fleire mindre området som ligg inne som kanskje ikkje er like aktuelle i dag. Nokre få nye område har blitt tatt inn. Det er forsøkt å behalde områda rundt utan nye byggeområde og slik både kunne sikre utvidingsareal og ikkje minst sikre buffersoner mellom verksemdar og bustadfelt.

Viktig for industrien vil også vere framtidige vegprosjekt som kan knytte kommunen enno nærmare Ålesund og omegn.

Sjøområda

I denne planen er no også sjøareala tatt inn. Heile sjøområdet er lagt ut som felles område for natur, ferdsel, friluftsliv og fiske (NFFF) og område for akvakultur har blitt tatt ut.

Strandsona

Strandsona er eit område som har fått auka merksemd i frå sentralstyresmakter. Kommunen ønskjer å nytte strandsona som eit aktivum for innbyggjarane. Det skal vere rom for næring, naust, m.m. samstundes som eit ein også skal ivareta ålmenta sinne behov og moglegheiter for rekreasjon og friluftsliv. Ei forenkla verdikartlegging har vore gjennomført. Naustføresegnene er justert. Kommunen har gjennom kommunedelplan for idrett og friluftsliv eit oversiktskart over dei viktigaste område.

Dei viktigaste områda omfattar:

1. Langevågsholmane
2. Korsneset
3. Rørstad
4. Bjørkavågen – Eidsneset

5. Lahellestranda – Storevalen
6. Eikrem- Høghaugen
7. Nøringset – Eltrane- Æhammaren

Generelt er alle vatna viktige friluftsområder og må ikkje nedbyggast.

Rekreasjons og friluftsområder

Det er ei målsetjing å ta vare på større samanhengande område med høg landskaps- og opplevingskvalitet for ålmenta, t.d. Veddemarka. Kommunen har eit ansvar for å leggje til rette for friluftsliv for alle og stimulere til utøving av friluftsliv gjennom tilrettelegging av aktivitsområde, sikre «grøne korridorar» og tilrettelagte stiar/gang- og sykkelveggar og parkeringsareal. Temakart over viktige friluftsområde og stinett er lagt ved.

Planen har også lagt inn fleire framtidige stiar som både vil vere til friluftaktivitetar eller som t.d. snarveggar til skule, idrettsanlegg og liknande.

Samfunnstryggleik

ROS-analyse (grovanalyse) er utarbeida for heile kommunen og inngår som eit av grunnlagsdokumenta for planarbeidet. Plan- og bygningslova krev av planmynda skal sjå til at det vert gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse ved utlegging av nye byggeareal i føresegnene er det stilt krav om at samfunnstryggleik og beredskap skal ivaretakast i arealplanlegginga. Sjekklista frå fylkesmannen skal nyttast i alle byggesaker.

Barn og unge

Viser til omtalen om barn og unge under Nasjonale og regionale føringar ovanfor. Føresegnene er vesentleg endra i høve gjeldande føresegner.

Landbruksområde

Landbrukskontoret har peika på jordvern og når det er så få aktive bruk igjen at kommunen legg til rette for at desse framleis kan drive med landbruksverksemd. Områda som er ei aktivt bruk er lagt inn som LNF-område.

Mange av areala er små og fragmenterte. Men det finst og større samanhengande landbruksområde og desse har vi forsøkt å behalde.

Planskildring - arealrekneskap

Arealformål

Bygninger og anlegg

Oppsummering - tabell oversikt

2006			2014		
daa	arealformål	endring	daa	arealformål	daa
6106	Bustad	vidareført	5404	Bustad	6064
		Endra til LNF eller grøntstruktur	383		
		Går inn som sentrumsformål ny plan	136		
		Endra til anna byggeformål	134		
123	Forretning	Vidareført	70	Forretning	84
		Går inn som sentrumsformål ny plan	36		
		Endra til anna byggeformål	13		
1086	Industri	Vidare ført	945	Nærings bygninger	1020
		Går inn som sentrumsformål ny plan	81		
		Til grøntformål	13		
573	Fritidsbusetnad	Vidareført	494	Fritidsbusetnad	581
		Endra til småbåthamn	4		
		Endra til fritids og turisme	16		
		Til grøntformål + LNF	9		
428	Offentleg bygg	Vidareført	190	Offentleg eller privat tenesteyting	317
		Går inn i sentrumsformål ny plan	90		
		Til grav og urnelund formål i ny plan	75		
		Endra til grøntstruktur	20		
		Endra til anna byggeformål	24		
37	Anna allmennyttig	Vidare ført i ny plan under Offentleg eller privat tenesteyting	18		
		Går inn i sentrumsformål ny plan	19		
22	Idrettsanlegg	vidareført	22	Idrettsanlegg	113

Kommuneplanen 2015 -2025 arealdelen

2006			2014		
daa	arealformål	endring	daa	arealformål	daa
				Grav og urnelund	78
3	Anna byggeområde	Vidareført	3	Andre særskilt angitte bygningar og anlegg	17
				Kombinert byggje- og anleggsformål	16
				Sentrumsformål	408

Ny planlov har gitt noko anna inndeling av formål og som kompliserer ei direkte samanlikning med gjeldande arealplan frå 2006. Har tatt bort nokre areal som har ligge lenge i arealplanen utan realisering. I sum så har ikkje areal for bustadformål blitt vesentleg større. I sentrumsformål ligg også ein del til bustad. Sentrum vil vere område for fortetting og her vil vere potensiale for mange bueiningar.

Fritidsbustader der det er inkludert naust så har vi nokre endringar i Langevåg og i Bjørkavågen. I planen Langevåg Nord 2 har to nye naustområder blitt tatt inn i planen (Lokalitet 58 og 75) og kombinert formål naust/rorbu/industri på Landfarneset.

Hytteområde oppe på Sulafjellet har vi inkludert eitt par hytter som tidlegare låg utanfor formålet.

Idrettsanlegg har vi justert ein del og som i førre plan låg som friområde har no blitt endra til formålet idrettsanlegg. Dette inkluderer bygg og stadionanlegg.

Offentleg område har også lagt til ved Rørstad vest som framtidig skuleareal. I Langevågen er eit område vest for Holen er lagt inn som nytt offentleg areal og i tillegg eit mindre areal aust for Molværsbrauta. Område nord for Solevåg skule er utvida. Eit større område er lagt til inne ved Nausthaugen. Offentleg formål har også inkludert områda som tidlegare gjekk under allmenntilleg formål. Har også skilt ut grav og urnelund som tidlegare låg under offentleg formål i gammal plan.

Bustadbygging – bustadareal


Målsetjinga er å tilrettelegge bustadområde som kan tilfredsstille ulike behov og interesser, og at i alle krinsar skal vere tilgang på byggeområder. Som nemnd ovanfor svingar byggeaktiviteten i skulekrinsane, men at trenden er at det er behov for fleire nye tomter.

I denne rulleringa er det fremja ein del større utvidingar av eksisterande bustadområde men tatt ut også nokre areal som har ligge inn i mange år utan at dei har blitt realisert. Innafor gjeldande bustadområder er framleis mange uutnyttta tomter.

Planforslaget inneheld følgjande nye bustadområde:

Skulekrins	Stad	Lokalitet, jf nummering av innspel.	Nytt areal
Langevåg	Sandvika		102
	Området nord om Vassetvatnet(Bratthaugen)	33	11
	Veddegjerde-Vedde	15 og 19	50
	Langevåg (Grøndal)	85	31
	Vågneset	90	4
	Heidegjerdet	48	5
	Kipperberget	84	2
	Vasset/Bratthaugen	62	13
Fiskarstrand	Fiskarstrand -Djupvika	12	47
	Fiskarstrand - Storevatnet	60	3
	Fiskarstrand	72	6
	Rørstad – O. Rørstad	87	7
Mauseidvåg	Furneset	35	2
	Raudåna	7	10
	Raudåna	64	2
	Mausa	23	20
Solevåg	Bjørkavågen	22	13
	Solevåg	42	17
	Bjørkavågen	44	25
	Bjørkavågen	45	15
	Sunde	80	5
	Solevåg, Høgshaugen	8	13
Kvasnes			1
Sum			404

Langevåg:



Figur 5 - oversikt over nye bustadfelt i Langevåg, 📌 - nye område som er lagt inn

Etter mange ulike innspel frå mange grunneigarar har bustadområdet i Sandvika blitt utvida med eit større samanhengande område opp mot fjellfoten og i same høgde som Rotenefeltet. I sum så er dette eit utviding av bustadformål på ca 100 daa. Dette er det største nye bustadarealet i planen.

Området Veddegjerdet – Vedde har vi tatt inn to areal (lok. 15 og 19) som heng saman.


Område søraust for Langevåg sentrum – lokalitet 85

Lokalitet 33 har blitt endra til bustad (Vassetvatnet – Bratthaugen) og lokalitet 62. Mindre utviding ved eit område rett nordvest for Vassetvatnet

Lokalitet 48 ved Vågevatnet og også eit anna friluftsområdet lokalitet 90 Vågneset har blitt til bustadformål. Ei tomt har blitt tatt inn i lokalitet 2 (Holsmyra). I tillegg eit utviding av bustadområdet på Kipperberget (lokalitet 84).

Fiskarstrand


Har tatt ut eit større felt som har ligge inne i arealplanen lenge utan å bli utnytta. Nytt felt lokalitet 12 utvidar buarealet med 47 daa og eit mindre felt ved Storevatnet (lokalitet 60). I tillegg eit mindre område på 6-7 daa lokalitet 72. Rørstad har også lagt inn ein mindre areal (lokalitet 87).



Figur 6 - oversikt over nye bustadfelt i Fiskarstrand , 🏡 - nye område som er lagt inn

Mot Vedde har eit større areal blitt tatt ut inntil vidare og tilbakeført som LNF.

Mauseidvåg – Eikrem




Figur 6 oversikt over nye bustadfelt i Mauseidvåg – Eikrem, 🏡 - nye område som er lagt inn

Eitt par områder ved Raudåna har blitt endra bustad (lokalitet 7 og 64). Felt vest for Mausaplanen (lokalitet 23) har blitt endra til bustadformål.

Furneset er eit mindre industriareal blitt endra til bustad (lokalitet 35).

Solevåg – Veibust



Figur 7 - oversikt over nye bustadfelt Sula indre, ☞ - nye område som er lagt inn

Solevågen: Det er tre felt blitt lagt inn. Lokalitet 22, 42 og 44.

Bjørkavågen har fått nytt område i nord, lokalitet 45

Leirvåg - Sunde: Eit mindre areal til bustadformål, lokalitet 80.

Kvasnes – har fått ei mindre justering av bustadformålet.

Lahellestranda har eit større areal blitt tatt ut inntil vidare og tilbakeført som LNF.

Offentlege områder

Etter ny planlov har formålet offentlig eller privat tenesteyting blitt endra til eit formål som omfattar areal og bygning for ulike former for privat eller offentlig tenesteyting, som til dømes barnehage, skule, institusjon, kyrkje etc.

Det er gjort nokre endringar i utforminga av enkelte offentlege areal og heilt nytt areal.

Langevåg

Syd for Sloghaugvegen 28, Langevåg er setta av til offentleg formål og i tillegg eit mindre areal vest og aust for Molvørsbrauta.

Ved sentrum det det framtidige offentlege arealet juster noko i utforming. Kommunestyret har gjort vedtak om at veg nr 1 går ut i dette området mot Molvørsvegen. Kommunalt område ved Holen har blitt lagt inn som offentleg areal.

Området mellom Sulahallen og Vassetvatnet.

I førre plan vart det sett av eit området, som tidlegare hadde formålet bustad, til offentleg formål. Dette er endra til bustad og friområde.

Rørstadvatnet vest

Kommunen eig eit større område som har formålet bustad. Dette blir foreslått endra til framtidig skuleareal for Fiskarstrand og Mauseidvåg.

Solevåg skule

Området for offentleg areal er justert i tråd med kva kommunen eig og resulterer i ei utviding mot nord.

Nausthaugen

Området rundt Nausthaugen blir utvida mot vest. Området er tenkt utnytta til helse- og sosialeformål. Haugen nord om Nausthaugen inneheld fornminne og vi leggje dette området ut som grøntområde.

Næringsområder

Skulekrins	Stad	Lokalitet, jf nummering av innspel.	Nytt areal (daa)
Solevåg	Sjukenesstranda	17	13
Langevåg	Fyllingen Slipp	14	0,6

Planen har sett av areal til industri og forretningsverksemd. Det har blitt lagt til berre nokre få nye areal. Ny planlov har endra formåla og industriområde kjem inn under formålet næringsverksemd. Forretning har uendra formålsnamn.

Nytt område har blitt lagt inn ved Sjukenestranda elles tilpassa gjeldande reguleringsplangrenser. Nye buffersoner har ikkje blitt lagt til, etablering av nye bustadområder nær eksisterande verksemdar har vi forsøkt unngått.

Endringar:

H.I. Giørtz har fått tillagt eit utvidingsområde i sjøen vest for verksemda.

Eitt arealet ved Bolvika er endra frå friområde til industri (lokalitet 14) og eit til område til parkering (14a). Området 14 har eit reguleringskrav og at det i den prosessen kan resultere i tiltak/justering av arealbruken for å ivareta ulike interesser.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Tabellen under syner endringar frå førre kommuneplan til ny:

2006			2014		
daa	arealformål	endring	daa	arealformål	
298	Vegareal	Vidareført	219	Vegareal	327
		Går inn som sentrumsformål ny plan	6		
		Endra til anna byggeområde	6		
		Endra til grøntområde	1		
8	Hamn	Vidareført	8	Hamn	38

Det overordna vegsystemet og det lokale har blitt vurdert. Borgundfjordtunnellen og tunnelen frå Vedde til Mauseidvåg er under planlegging vegprosjekt som får stor innverknad på dei trafikale forhold i kommunen. E39 går gjennom kommunen og Hafast er planlagt å gå gjennom kommunen. Hafast er planlagt som ei flytebruløysing som kjem i land aust for Sulesund ferjekai. Ideen er då bruke eksisterande vegstruktur vidare mot Ålesund.

I Langevåg har det blitt fokusert på området syd for innfartsvegen. Planen har lagt inn nokre nye framtidige vegtrasear.

Grøntstruktur

Oppsummering - tabell oversikt

2006			2014		
daa	arealformål	endring	daa	arealformål	daa
924	Friområde	Vidareført	647	Friområde	882
		Går inn som sentrumsformål ny plan	5		

Kommuneplanen 2015 -2025 arealdelen

	Endra til offentlig formål	20		
	Endra til idrettsanlegg	86		
	Endra til anna grøntstruktur	78		
	Endra til bustadformål	56		
	Endra til bruk og vern av sjø og vassdrag	3		
	Endra til anna byggeområde	6		
			Grøntstruktur	536
			Naturområde	2520
			Turdrag	1
			Park	8

Med bakgrunn i at vi har gjeldande reguleringsplanar inn skanna og georeferert så har friområdeavgrensingane blitt justert etter gjeldande reguleringsplanar. Dette gir utslag i at t.d. endringa til bustadformål blir nokre daa til saman. Tidlegare hadde vi ikkje noko eigen formål for å definere grøntstrukturen enn å bruke formålet LNF. Nå har vi fått betre moglegheiter for å skilje ut grøntområda nær busetnaden med dei nye formåla under Grøntstruktur. Har lagt inn eit større område rundt Mausavatnet som grøntstruktur og lagt inn den nye løypetrasene som eit turdrag.

Grøntstrukturen i tettbygde området er oppretthalde.

Tursti

Det er i planen lagt inn fleire framtidige tursti/vegtrasear som dels går gjennom regulerte areal. For fleste av desse traseane vil krevje ein detaljplan før realisering.

Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (LNFR)

Oppsummering - tabell oversikt

2006			2014		
daa	arealformål	endring	daa	arealformål	
38018	LNF	Vidareført	33517		44223
		Endra til anna byggeområde	642		
		Endra til grøntområde	2360		

LNF-formålet er klart det størst formålet som blir tatt i bruk til andre formål. Formålet er også det klart største sidan det dekkjer areala som det ikkje er tenkt anna arealbruk enn det som anten ligg for primærnæringane, fungerer som friluftsområder, naturområder og levestad for plantar og dyr.

Har nytta høve til endre områda i tettstadane til grøntområde. LNF-områda har totalt likevel blitt større. I førre plan hadde naturvernområda eigne formål. No skal desse områda avgrensast med omsynssoner og LNF-formål vil då vere det naturlege arealformålet.

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Oppsummering - tabell oversikt

2006				2014	
daa	arealformål	endring	daa	arealformål	daa
803	Vassareal allmenn fleirbruk	Vidareført	622		
		Endra til grøntområde	61		
123	Småbåthamn	Vidareført	111	Småbåthamn	154
		Går inn under formålet sentrum	12		
51658	Vassareal for allmenn fleirbruk (NFFF)	Vidareført	51658	Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (NFFF)	64668
13141	Akvakulturområde (NFFA) Kombinert formål i sjø og vassdrag.	Vidareført	0		
26	Friluftsområde i sjø og vassdrag	Vidareført	26	Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	1208

I planen er bygge forbodet i 100-metersbeltet langs sjøen vidareført frå noverande plan for LNF-områda. For områda byggeområda har vi lagt inn ei byggegrense på 25 meter.

Eit sentralt element i rulleringa er at sjøareala også er tatt inn. Sjøarealet er sett av som naturområde, fiske, ferdsel og friluftsliv (NFFF) og to områder til fiske - F (viktige gyteområder).

I planen er det lagt til nokre nye småbåthamner i Langevåg, Mauseidvåg og Sunde.

Friluftsområde i sjø og vassdrag omfattar nokre få område i sjø (del av regulerte område) og resten er ferskvatn.

Omsynssoner

Omsynssoner er eit nytt omgrep som er innført i ny planlov. Plankartet skal skilje mellom arealbruksformål og omsynssoner. Arealbruksformål seier kva arealet skal brukast til, t.d. byggeområde. Omsynssone seier kva omsyn som må takast når arealet skal brukast i samsvar med plan.

For å auke lesbarheita til plankartet er nokre av omsynstema vist med eige temakart.

Rasfare

Mogleg rasutsette areal, jf. NVE si skredfarekartlegging er lagt inn for heile kommunen. Dette er ei grovklassifisering basert på hellingsgrad utifrå topografiske kart og ikkje bassert på konkret feltarbeid. Resultatet blir svært grovmaska og gir store felt.

Oppskyllingssone frå flodbølgje frå Åkneset er ikkje avsett i plankartet, men teke inn i føresegnene.

Støysoner

Støyutsette områder er markert rundt skytebana i Langevåg og langs fylkes og riksvegane (Statens vegvesen sitt støyvarselskart). Støysonene langs vegane er vist med eige temakart.

Verneområde

Verneområde i kommunen er synt med eigen skravur.

Kulturminne

Automatisk freda kulturminne med sikringssoner er lagt inn i planen.

Reguleringsplanar

I samsvar med ny PBL er reguleringsplanar som framleis skal gjelde synt som skravert felt i eige temakart. Arealplanen viser hovudformåla som bustadbygging, næring, og liknande, dvs detaljane må ein sjå i reguleringsplanen.

Vedlegg 1 til føresegnene syner oversikt over reguleringsplanar som framleis skal gjelde, og planar der vert felt har blitt endra og som arealplanen er gjeldande.

Temakart

Støysone

Oversikt over områda gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde.

Barnetrakk

Grønstruktur

Landbruksareal

Tursti

Kulturminner

Marine strandavsetningar

Karta i grovanalyse natur og miljøvern – eige hefte

Vedlegg 2 er oversikt over innspel med gitte lokalitetsnummer.